



# Budsjett 2023 Økonomiplan 2023–2026

**BJØRNAFJØRDEN** |  KOMMUNE

The text "BJØRNAFJØRDEN" is in bold black capital letters. A vertical line separates it from the municipality logo, which consists of a blue shield with a yellow design. To the right of the line is the word "KOMMUNE" in black capital letters.

# Vegen vidare for Bjørnafjorden –

## tillit, samhald og samskaping i framtidskommunen!

I stramme og utfordrande tider må vi ha fokus framover. Vi må halda fram med å bygga den unge kommunen vår gjennom trygg styring, tillit og samarbeid. Ressursane og resultata kjem ved å skapa både i lag – og på lag. Denne samlande og framtidsretta samfunnsutviklinga er no synleg og forankra gjennom den nyleg vedtekne Samfunnsplan for Bjørnafjorden. Dette viktige plandokumentet er skapt nettopp gjennom samarbeid og samhandling mellom innbyggjar, kommune, politikk, lag og organisasjonar. Slik vil vi ha det i Bjørnafjorden!

Det er mykje positivitet og entusiasme kring utviklinga vi no ser i kommunen vår. Sjølvsagt har den nye etterlengta vegen til/frå Bergen mykje å seia, men vi ser også andre utviklingstrekk kor fleire søker etter det gode livet i alle dei fine bygdene og glandene våre. Utvikling skjer kvar dag og vi opplever at fleire ser til Bjørnafjorden både for å busetja seg og ikkje minst for å etablera næring. Dette skal vi vera takksame for og vi må forvalta det klokt og framtidsretta. Vi er stolte av det etablerte næringslivet vi har, og vi jobbar kvar dag for å gjera oss attraktive for nye næringsetableringar og fleire arbeidsplassar, samstundes som vi tek vare på dei som allereie er etablerte.

Gjennom opprettinga av Bjørnafjorden Utviklingsselskap AS (BUS AS) har vi etablert eit 100% kommunalt eigd selskap som skal ivareta kommunen sine næringsinteresser i m.a. Lyseparken, på Samnøy, Heiane og andre næringsområde der kommunen har interesser. BUS AS forvaltar også no Os Bygg og Eigedom sine resterande områder. Dei kan i framtida riggast til å handtera utvikling av Os Havn, parkering i fjell på Osøyro og andre oppgåver. Vi er optimistiske og glade for den gode mottakinga og framdrifta det er i prosjekta i Lyseparken og interessa rundt Samnøy. Dette har vi store forventningar til at skal gagna innbyggjarane våre i mange, mange tiår. Det er viktig at kommunen har tett og godt samarbeid med næringslivet på planarbeid og byggesak. Det er gjort framtidsretta endringar med omsyn til organisering og digitalisering. Det er stas når store konsern som t.d. PostNord skryt næringskommunen Bjørnafjorden opp i skyene på opningsdagen sin, og at ryktet går i positiv forstand om den næringsvillige og løysingsorienterte kommunen vår!

Tida vi lever i er spesiell. Det pregar også svært mange av innbyggjarane i Bjørnafjorden. Det er usikkerheit kring privatøkonomi og arbeid, og kvar veke høyrer vi om fleire som slit med å få økonomien til å gå i hop. Det er viktig at kvar og ein av oss løftar blikket og tenkjer gjennom nettopp kva vi sjølve kan bidra med for andre. Vi vil takka alle frivillige som engasjerer seg for andre. Vi vil takka heile Bjørnafjorden kommune, både tilsette og innbyggjarar, for måten vi har teke imot flyktingane frå Ukraina og andre land dette året. Det vi har lært i 2022 må vi ta med oss inn i 2023 når vi no blir oppmoda om å busetja fleire.

Det er ikkje gjort i ei handvending å snu eit tankskip slik «Tio etter SIO» diverre har vorte. Det å rydda opp i ein stor organisasjon som har vore stimulert med midlar på ein slik måte, kombinert med ei høg lånegjeld, er krevjande. Med auka kostnader på mange varer og tenester, samt renteauke, kan det bli tøffe tak.

Det er viktig med framtidstru, og vi må tillata oss å bruka litt tid på å snu den økonomiske «skuta». Saman med innbyggjarar, tilsette, næringsliv og frivillighet må vi halda fram med å jakta dei gode idéane, skapa aktivitet og entusiasme, og ikkje minst framsnakka det gode som skjer i Bjørnafjorden kommune.

Arbeidarpartiet og Senterpartiet er difor samde med kommunedirektøren om at dersom det finst ei tid for å bruka litt av sparepengane våre (fond), så er det denne tida vi står i no. Forventningsavklaringar og realitetsorientering er andre ord som kjem opp. Kvar einaste dag vert det av våre tilsette gjort ein stor innsats og ein fantastisk jobb for oss innbyggjarar. Kva er godt nok, og korleis skal vi få meir pengar inn enn kva vi brukar? Slike spørsmål er heilt vanleg i mange hushald om dagen, og slik må også kommunen handtera den økonomiske situasjonen no, inntil skuta er heilt på rett veg og med stø kurs.

I denne tida er det viktig og riktig å minna kvarandre på visjonen vår:

*Eit raust og attraktivt lokalsamfunn med evne og vilje til nyskaping*

Og på verdiane våre:

*Vi lyttar med respekt. Vi finn smarte løysingar. Vi gjer det vi seier. Vi er inkluderande.*

## **Stødig kurs og styring gjennom samskaping og tillit**

Vi er midt i bygginga av den nye kommunen. Dei tilsette har stått i organisatorisk omstilling og økonomiske nedtrekk i snart tre år. Ap/Sp er einige med kommunedirektøren at tida er moden for å ta gjennomgangar sektor for sektor, med bakgrunn i og kunnskapsgrunnlag frå PWC si kartlegging. Vi må på ny snu kvar stein for å finna nye moglegheitar, nytt handlingsrom, nye måtar å arbeida og samhandla på. Vi må jakta nye og endra måtar å få redusert kostnadene og auka inntektene våre. Samstundes må vi vere opne og villige til å ta kostnadene som vi meiner kan føra til auka inntekter i andre enden, eller som er heilt naudsynte for å halda oppe beredskap og sikkerheit.

Det er samstundes viktig at ein anerkjenner ei viss grad av endringstrøytteik hjå dei tilsette, og at det dermed vert gjeve god leiarstøtte og tryggleik rundt prosessar og kartlegging. Eit fortsett tett og godt samarbeid med dei tillitsvalde er heilt avgjerande, og ein må drøfte om det bør setjast inn auka ressursar både på HR og i tillitsvaldapparatet i dette kartleggingsarbeidet.

Ap og Sp ser det som svært utfordrande om ein i desse tider mistar meir av kompetansen ein har opparbeidd seg kring endringsprosessar og medverknad frå dei som har «skoa på». Dersom vi som kommune skal lukkast med å bli ein kommune 3.0 «Samskapingskommune» må det satsast på kontinuerleg organisasjonsutvikling for å nå måla. Dette er også svært viktig

om vi skal greie å behalda og rekruttera til kommunal sektor på alle plan og i alle yrkesgrupper.

*Kommunedirektøren skal seinast i siste kommunestyremøte før sommaren 2023 legga fram forslag til nedtrekk for 2024 for å samsvara med vedteken økonomiplan. Formannskapet skal haldast løpende orientert gjennom denne prosessen med fast rapporteringssak på sakslista.*

*Vi gjev kommunedirektøren fullmakt til å arbeida vidare med å etablera «Samskapingskommunen» Bjørnafjorden. Prosjektet skal byggast på og ta opp i seg, elementa i Tillitsreforma.*

# **Overordna kommentarar til budsjettet**

Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023 og økonomiplan 2023–2026 viser tydeleg den økonomiske utfordringa kommunen har.

Vi ser klart utfordringane, og er glade for at kommunedirektøren meiner det er mogleg å løysa desse utan å innføra eigedomskatt. For innbyggjarane i kommunen vil ein eigedomsskatt koma oppå alt høge og aukande kommunale avgifter, i tillegg til sterk prisvekst og renteoppgang.

I budsjettet legg kommunedirektøren opp til å bruka ein god del midlar frå kommunen sine fond. Dersom det finst ei tid for å bruka sparepengane til kommunen, så er den tida komen. Oppsparte midlar er nettopp meint for å koma til nytte når dei økonomiske tidene vert trонge.

## **Ein trygg og inkluderande arbeidsgjevar**

Faste, heile stillingar skal vera normalen når vi tilset nye medarbeidarar. Det å rekruttera og behalda gode medarbeidarar må vere hovudfokus for alle leiarane våre i ei tid med ein stram arbeidsmarknad. Strategisk arbeid med å sikre nok kvalifisert personell, må vera ei prioritert oppgåve, saman med godt nærværars arbeid. Tilrettelegging for dei med nedsett funksjonsevne og inkludering av dei som står utanfor arbeidslivet, kan bli avgjerande for at vi klarer å bemanna kommunen slik at vi kan levera dei tenestene vi har ansvar for. Ein auke i talet på lærlingar vil vera ei god investering i framtidig arbeidskraft.

*Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær, og aktivt nytta seg av tilboda frå NAV for å styrka personalomsorga og nærværars arbeidet i kommunen.*

## **Bemanningssentralen - utvida antal områder**

Eit auka tal på fast tilsette i Bemanningssentralen vil kunne redusera behovet for ringevikarar. Det er gjennom fast tilsette at vi best kan sikra rett kompetanse og utvikling av denne. Med færre ringevikarar kan ein ta ned administrative kostnader knytt til å avtala vakter frå dag til dag, tilsetting og ikkje minst til opplæring.

*Vi ber kommunedirektøren om å halda fram med utviklinga av Bemanningssentralen til å omfatta fleire områder innan Helse og velferd, og i tillegg starta arbeidet med å utvida tilboden til å omfatta oppvekstområda barnehage, SFO og skule.*

## Oppvekst

Framtida vår er barna. Alle barn i Bjørnafjorden er våre barn. Kvar einaste dag utgjer dei tilsette i oppvekstsektoren ein forskjell for barna våre.

Kommunedirektøren har i sitt framlegg til budsjett for 2023 teke store nedtrekk i alle delar av organisasjonen. Vi ser at kommunen må gjennom ei omorganisering og endring i planperioden, men for å skjerma barn og unge mest mogleg medan dette pågår, vil vi for 2023 ta eit mindre nedtrekk i Oppvekst på 2 millionar kr. Det er naturleg for oss å avverta PWC-rapporten for sektoren, slik at vi får best mogleg kunnskap.

**Familiens hus:** Dei førebyggande tenestene som Familiens hus tilbyr, er særsviktige for å gje eit best mogleg tilbod til barn, ungdommar og familiene deira. Samarbeid på tvers av fagområde og aldersgrupper er særsviktig for å gje eit best mogleg tilbod. Frå opninga av Familiens hus 1.1.2022 og til no, ser ein svært gode verknader av det tverrfaglege lagarbeidet. Dette er det viktig å utvikla vidare.

**MOT:** Vi vil oppretthalda MOT-prosjektet. Dette er noko ungdommane sjølv opplever som svært verdifullt førebyggande arbeid.

## Helse og velferd

**Fastlegeordninga** har i minst 10 år vore under stort press, og ordet krise har vore brukt over heile landet i mange år alt. Vi er takksame for at Bjørnafjorden kommune har teke alle verkemiddel i bruk for å sikra tryggleik og føreseielegheit for sine innbyggjarar. Her har administrasjon og politikk levert!

No vert det snakka om «Bjørnafjordsmodellen» rundt om i landet. Vi er også takksame for at regjeringa verkeleg har teke tak i fastlegesaka og arbeider med forslag til nye modellar, utdanning og finansiering. Dette arbeidet er varsle ferdig i løpet av våren 2023.

*Vi ber administrasjonen vera tett på fastlegegenesta framover slik at vi kan både behalda og få rekruttert i dei få siste ledige heimlane. Bjørnafjorden kommune må fortsetja å arbeida aktivt for å sikra seg rekrutteringsheimlar (LIS1) og andre eventuelle stønadsordningar.*

**Legevaktteneste:** Det er viktig at vi fortset det gode arbeidet som er gjort med å få på plass ordningar som dekker legevaktstasjonen i Eikelandsosen. Vi ser det også som viktig at samarbeidet med Samnanger kommune held fram og at ein heile tida søker løysingar som både er berekraftige og tryggande for innbyggjarane våre.

*Kommunedirektøren får fullmakt til å utgreia om det også kan vera andre nabokommunar eller delar av nabokommunar som kan vere aktuelle å knyta til Legevaktstasjonen i Eikelandsosen eller på Moberg.*

**Velferdsteknologi:** Vi er svært glade for at kommunedirektøren har teke signala frå budsjettet vårt i fjor, og aukar satsinga på velferdsteknologi. Dersom vi skal vera i stand til å levera gode tenester, må Bjørnafjorden kommune halda fram med å vera i front på å ta i bruk og utvikla nye tenester saman med nasjonalt kompetansesenter og DigiVestland. Utstrekta bruk av velferdsteknologi må speglast i beredskapsplanane til kommunen.

**Framtidas organisering:** Bjørnafjorden kommune skal gjennom TØRN-prosjektet (jf. <https://www.ks.no/fagområder/arbeidsgiverpolitikk/kompetanse-og-rekruttering/torn/>) satsa på gode og hensiktsmessige løysingar for ei tryggare og betre helse- og omsorgsteneste. Tilstrekkeleg kvalitet i tenestene og effektiv drift gjennom velferdsteknologi, oppgåvedeling og heiltidskultur er viktige satsingsområde.

## Samfunnsutvikling

Omsynet til klima og miljø skal vera ramma rundt alt vi gjer. Den vedtekne KLEM-planen gjev føringar for Bjørnafjorden kommune.

**Klimafondet:** For å sikra kjeldesortering i Bjørnafjorden må kommunen gå føre med eit godt eksempel, og vi vel å bruka inntil 500 000 kr frå klimafondet for å kunna starta med kjeldesortering i kommunale einingar, skular og barnehagar.

**BUA:** BUA (Barn – Unge – Aktivitet) opna på Osøyro i juni 2021, og er kome i gang i Eikelandsosen i 2022. Formålet med BUA er å få fleire barn og unge ut i allsidig aktivitet, uavhengig av økonomi. I den økonomisk utfordrande situasjonen mange av innbyggjarane står i no, er tilbod som BUA eit viktig kommunalt bidrag til å gjera kvardagen litt enklare. Det er viktig å oppretthalda dette tilboden.

**Frivilligheita:** Samarbeidet med frivilligheita er svært viktig, både no og i framtida, og frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor innsats for innbyggjarane.

*For å vera best mogleg i stand til å yta bidrag til dei mange frivillige laga, ber vi kommunedirektøren om å setja opp eit oversyn med grunngjeving for alle tilskot som vert gjeve til lag og organisasjonar, og ha det klart til budsjettarbeidet for 2024. Gjennom eit slikt oversyn vert kommunen betre i stand til å fordela tilskota rettferdig.*

**Mobilitet og kollektivtransport:** Miljøloftet har gjeve oss høve til å realisera gang- og sykkelveg på Hatvikvegen mellom Hauge og Klyva. Det er også planlagt sykkelveg til/frå Lyseparken. Det vil bli tryggare å ferdast langs Hatvikvegen, og med auken i talet på

bussavgangar mellom Eikelandsosen og Osøyro, har vi kome godt i gang med å knyta kommunen betre saman.

*Vi vil oppmora kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstsone for kollektivtrafikken i heile kommunen. Det vil vera eit godt bidrag til den felles kulturbygginga i kommunen, og vil redusera trafikkutgifter for folk. Vi vil også be kommunedirektøren om halda trykk på arbeidet med å etablera kollektivterminal på Osøyro, og planlegging av parkering i fjell.*

**Kommunale eigedomar:** I 2022 har vi endeleg lukkast med sal av viktige eigedomar som det store bustadområdet i Greidalen, og hotelltomta ved Oseana. I tillegg har vi kjøpt for framtida ved å sikra oss eigedom i Lysefjorden/Leirvågen. Dette vil verta eit viktig rekreasjons- og friluftsområde for innbyggjarane våre, med tilgang til sjø i eit stadig tettare utbygd område.

Ap/Sp er glade for at kommunedirektøren set fokus på eigedomsforvaltning i sitt investeringsbudsjett ved å peika på avhending av dårlig bustadmasse, og anskaffing av nyare og meir eigna bustader. Vi er også glade for at arbeidet med den bustadsosiale handlingsplanen er starta opp. Dette vil gje oss kunnskap om framtidige investeringsbehov. Rett utnytting av eigedom, og rett mengd eigedom, vil vera økonomisparande. Eigedomsutvalet og formannskapet må få jamlege oppdateringar og saker til handsaming.

*Vi ber kommunedirektøren laga eit oversyn over kommunal eigedom og all communal leige av eigedom. Dette vert vurdert opp mot den trongen som kommunen vil ha i eit lengre perspektiv. I oversynet må ein vurdera kva ein framleis vil eige, kva ein tilrår å leiga, kva ein vil selja og kva som eventuelt må byggast nytt.*

# Budsjettingar i tal

Her er Arbeidarpartiet og Senterpartiets framlegg til endringar i budsjetten med utgangspunkt i kommunedirektøren sitt framlegg:

## Budsjettingar Drift

Noko av inndeckinga av dei auka utgiftene på driftsbudsjetten er gjort greie for nedanfor. Med omsyn til mindre nedtrekk på Oppvekst, oppretthalting av MOT, samt lærlingeløftet ser vi det som sannsynleg at auka skatteinngang og styrking av kommuneøkonomien gjennom regjeringa sin politikk vil dekka opp dette. Vi vel å saldera dette med ein liten auke i fondsbruk. I 2023 vil dette føra til 3,6 millionar i auka fondsbruk, og 2,2 millionar kvart av åra 2024 til 2026.

**Politikar-PC:** I sak 41/2019 i Fellesnemnda vart det vedteke å gje stønad på 5000 kr per folkevald annakvart år til kjøp av PC-utstyr. Gjennom vedtak av dette budsjetten vil dette verta endra til at støtta til slikt kjøp berre vert gjeve ved oppstart av ny valperiode. Vi budsjetterer ut frå det med ei innsparing på 250 000 kr i 2023.

**Målretta tiltak for å motverka barnefattigdom:** Vi vil bruka dei innsparte pengane på politikar-PCar (250 000 kr) til målretta tiltak for å motverka barnefattigdom i kommunen vår. Støtta er meint å jamna ut skilnader mellom barn, og kan verta gjeve i form av fritidskort, støtte til aktivitetar i feriar og/eller støtte til kultur- og idrettstilbod. Utlånstilboda av fritidsutstyr gjennom BUA-sentralane våre, kan vera gode alternativ for å redusera kostnader til fritidsaktivitetar.

**Lærlingeløftet held fram:** Vi set av 1 million kr til nye lærlingepllassar i kommunen innanfor ulike sektorar.

**Kjeldesortering:** Vi vil bruka inntil 500 000 kr frå klimafondet til oppstart og implementering av kjeldesorteringsprosjekt i kommunale bygg, skular og barnehagar. Det skal stimulerast til kompostering der det er mogleg.

**Mindre nedtrekk på Oppvekst:** Vi ønskjer å redusera nedtrekket på Oppvekst med 2 millionar kr. Vi oppmodar til at det vert arbeidd vidare med å rekruttera til ledige stillingar i sektoren, som t.d. psykolog og helsejukepleiar.

**Oppretthalda MOT:** Vi vil oppretthalda MOT-prosjektet. Dette er noko ungdommane sjølv opplever som svært verdifullt førebyggande arbeid. Det vil kosta 600 000 kr i 2023 (halvårskostnad), og 1,2 millionar kr kvart av dei påfølgjande tre åra.

## Budsjettdringar Investering

**Sjølvkostområda:** Vi tek ned investeringane i Vassprosjekt og Avlaupsprosjekt med 10 millionar kr dei første to åra i perioden, og med 5 millionar kr dei siste to åra. Totalt vert dette 60 millionar kr. Dei kommunale avgiftene på desse områda er allereie høge. Bjørnafjorden kommune sin VA-plan kjem til politisk handsaming tidleg i 2023. Framtidas investeringsbehov vil avhenga av funna i denne. Avgiftene kan koma til å verta korrigerte i tråd med det.

**Omsorg+:** Vi vil setja av 4 millionar kr til Omsorg+. Dette er eit viktig satsingsområde for Arbeidarpartiet og Senterpartiet. Det vil gjera det mogleg med relativt rask etablering fleire ulike stader. Moglege stader å setja i gang dette kan vera Gamleheimshagen, Eikhovdaheimen, buavdelinga på Luranetunet, og dei kommunale bustadane i Gymnasvegen. Dei auka investeringskostnadene til Omsorg+ vert dekka gjennom auka sal av eigedom.

Kommunen treng fleire bustader for personar som ikkje har behov for sjukeheimspllass, men som har store problem med å klara seg og vera trygge i sin opphavlege bustad. Omsorg+ er slike bustader. Butilbodet består av tilpassa husvære, fellesareal med aktivitetar og høve til sosialt fellesskap. Vi ser for oss at Omsorg+ vert fasa inn gradvis. Noverande bebuarar skal ikkje flyttast mot sin vilje.

**Trafikksikring:** Vi vil auka trafikksikringsmidlane med 2 millionar kr kvart av åra i økonomiplanen, slik at desse vert på 4 millionar kr årleg. Bjørnafjorden er i 2022 blitt sertifisert som trafikksikker kommune av Trygg Trafikk, og det er viktig å halda trykket oppe på trafikksikringsarbeidet.

**Kantine på Fusa ungdomsskule:** Det skal vera eit likeverdig tilbod om kantine til alle ungdomsskuleelevarane i Bjørnafjorden. Vi set difor av 100 000 kr til igangsetjing av kantina ved Fusa ungdomsskule.

**Hjelphemiddellager og base for heimetenestene:** 10 millionar kr av investeringane til bygging av hjelphemiddellager og base for dei kommunale heimetenestene foreslår vi flytta til budsjettet for 2024. Vi er svært positive til dette prosjektet, men ser det som lite truleg at bygginga kjem så langt i 2023 at det vil medføra behov alt første året for alle dei midlane som er sette av i kommunedirektøren sitt forslag til budsjett.

**Investeringsbudsjettet samla:** Samla vil desse justeringane i investeringsbudsjettet redusera låneopptaket i 2023 med nær 24 millionar, og med 8 millionar kvart av dei påfølgjande tre åra – i alt nær 48 millionar i reduserte låneopptak. Berre første året vil dette anslagsvis spara kring 900 000 kr (lågt anslag på 3,75% rente, jf. kommunedirektøren sitt budsjett, s. 36–37) i tilkomne renteutgifter.

<b>Endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>
<b>INVESTERING</b>				
Vassprosjekt	−10 000	−10 000	−5 000	−5 000
Avlaupsprosjekt	−10 000	−10 000	−5 000	−5 000
Igangsetjing av kantine ved Fusa ungdomsskule	100			
Omsorg+ (finansiering gjennom sal av eigedom)	4 000			
Hjelpemiddellager/base heimetenestene (forskyve bruk av midlar)	−10 000	10 000	0	0
Trafikksikringsmidlar	2 000	2 000	2 000	2 000
<b>DRIFT</b>				
Mindre nedtrekk Oppvekst	2 000			
Oppretthalda MOT	600	1 200	1 200	1 200
Lærlingeløft	1 000	1 000	1 000	1 000
Ikkje nye politikar-PCar	−250			
Målretta tiltak for å motverka barnefattigdom	250			
Kjeldesortering kommunale skular og barnehagar (pengar frå klimafondet)	500			

## Framlegg til vedtak

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2023/økonomiplan 2023–2026 med dei endringane som kjem fram i dette dokumentet.  
Partistøtta skal vidareførast som for 2021 med same fordeling, jf. reglement.
2. Kommunedirektøren skal seinast i siste kommunestyremøte før sommaren 2023 legga fram forslag til nedtrekk for 2024 for å samsvara med vedteken økonomiplan.  
Formannskapet skal haldast løpende orientert gjennom denne prosessen med fast rapporteringssak på sakslista.
3. Vi gjev kommunedirektøren fullmakt til å arbeida vidare med å etablera «Samskapingskommunen» Bjørnafjorden. Prosjektet skal byggast på og ta opp i seg, elementa i Tillitsreforma.
4. Vi ber kommunedirektøren ha sterkt fokus på arbeidsmiljø og sjukefråvær, og aktivt nyttja seg av tilboda frå NAV for å styrka personalomsorga og nærværarbeidet i kommunen.
5. Vi ber kommunedirektøren om å halda fram med utviklinga av Bemanningsentralen til å omfatta fleire områder innan Helse og velferd, og i tillegg starta arbeidet med å utvida tilboden til å omfatta oppvekstområda barnehage, SFO og skule.
6. Vi ber administrasjonen vera tett på fastlegetenesta framover slik at vi kan både behalda og få rekruttert i dei få siste ledige heimlane. Bjørnafjorden kommune må fortsetja å arbeida aktivt for å sikra seg rekrutteringsheimlar (LIS1) og andre eventuelle stønadsordningar.
7. Kommunedirektøren får fullmakt til å utgreia om det også kan vera andre nabokommunar eller delar av nabokommunar som kan vere aktuelle å knyta til Legevaktstasjonen i Eikelandsosen eller på Moberg.
8. For å vera best mogleg i stand til å yta bidrag til dei mange frivillige laga, ber vi kommunedirektøren om å setja opp eit oversyn med grunngjeving for alle tilskot som vert gjeve til lag og organisasjonar, og ha det klart til budsjettarbeidet for 2024.  
Gjennom eit slikt oversyn vert kommunen betre i stand til å fordela tilskota rettferdig.
9. Vi vil oppmoda kommunedirektøren til å halda fram arbeidet med å få etablert ei felles takstsone for kollektivtrafikken i heile kommunen. Det vil vera eit godt bidrag til den felles kulturbygginga i kommunen, og vil redusera trafikkutgifter for folk. Vi vil også be kommunedirektøren om halda trykk på arbeidet med å etablera kollektivterminal på Osøyro, og planlegging av parkering i fjell.
10. Vi ber kommunedirektøren laga eit oversyn over kommunal eigedom og all kommunal leige av eigedom. Dette vert vurdert opp mot den trongen som kommunen vil ha i eit lengre perspektiv. I oversynet må ein vurdera kva ein framleis vil eige, kva ein tilrår å leiga, kva ein vil selja og kva som eventuelt må byggast nytt.